

Arbeidsavtale for rådmannen

1. Partane i avtalen

Denne avtalen er inngått mellom Meland kommune og Martin W. Kulild, fødd 7.3.1964, som vert fast tilsett i stillinga som rådmann i Meland kommune frå 1.6.2017.

2. Prøvetid

For stillinga gjeld seks månaders prøvetid, rekna frå starttidspunktet. Dersom arbeidstakar har vore fråvêrande frå arbeidet i prøvetida, kan arbeidsgjevar forlenge den avtalte prøvetida med ein periode som tilsvarar lengda av fråvêret, jf. AML § 15-6 (4). Arbeidsgjevar må skriftleg orientere arbeidstakar om eventuell forlenging innan utøpet av prøvetida.

3. Arbeidstid

Ordinær arbeidstid for administrasjonen er 37 ½ timar per veke med dagleg arbeidstid frå kl. 08.00 til kl. 15.30. Meland har fleksitidsordning, med kjernetid mellom kl. 09.00 og 15.00.

4. Ansvars- og myndeområde

Rådmannen er øvste administrative leiar av Meland kommune, jf. kommunelova § 23. Kommunestyret eller politiske organ/ordførar (etter delegasjon frå kommunestyret) utfører arbeidsgjevaransvaret overfor rådmannen.

Rådmannen har ansvaret for at administrasjonen i kommunen til eikvar tid fungerer hensiktsmessig.

Stillinga som rådmann i Meland kommune innehar i tillegg det ansvaret og dei arbeidsoppgåver som overordna mynde til ei kvar tid tillegg stillinga.

5. Løn

Martin W. Kulild vert løna med kr 1 200 000 per år. Løna vert utbetalt den 12. i kvar månad.

Det vert ikkje utbetalt tillegg for overtid og ubekvem arbeidstid, jf. HTA pkt. 6.3.

Løna er gjenstand for årlege forhandlingar, jf. HTA 3.4. Rådmannen skal sikrast ei lønsutvikling i tråd med gjennomsnitt i kommunal sektor. Endingane skal ha verknad frå 1.5. i tråd med HTA 3.4.4.

A handwritten signature in black ink, appearing to be the initials 'MK'.

6. Kompensasjon for meirarbeid og møteverksemd

Det vert gitt 10 – ti – ekstra fridagar per år som kompensasjon for meirarbeid og møteverksemd utanfor ordinær arbeidstid, jf. HTA kap. 1 pkt. 6.3. Alternativt kan rådmannen få utbetalt eit tilsvarande tal daglønner.

7. Telefon og datautstyr

Meland kommune stiller mobiltelefon og naudsynt datautstyr til disposisjon. Utgifter til installasjon og drift av breiband heime, samt abonnements og brukskostnader til telefon og mobilt breiband dekkes av kommunen.

8. Resultatkrav/oppfølging

I tillegg til denne arbeidsavtalen vert det utarbeidd ein eigen avtale gjeldande fastsette mål og resultatkrav. Det skal foretas ei evaluering etter delegasjon frå kommunestyret etter avtale minst ein gong i året. Det vil bli utarbeidd eit skriftleg evalueringsdokument som ikkje er offentleg.

9. Samtykke til offentleggjering av visse personopplysningar på internett

Martin W. Kuliid samtykkjer i at Meland kommune kan publisere CV med bilete, samt kontakinformasjon som e-postadresse, telefonnummer o.l. på kommunen si heimeside på internett.

10. Teieplikt

Martin W. Kuliid skal overhalde teieplikta om det han får kjennskap til av teiebelagde opplysningar i samband med tenesta eller arbeidet, jf. FVL § 13 flg.

11. Eigenutvikling og fagleg ajourhald

Arbeidsgjevar pliktar å leggje tilhøva til rette for rådmannen sitt faglege ajourhald og kompetanseutvikling. Dette skal inngå som ein del av kommunen sin samla plan for gjennomføring av kompetansehevande tiltak.

12. Næringsverksemd, verv og bistillingar

Dersom rådmannen ønskjer å drive eiga næringsverksemd, påta seg løna styreverv, anna løna arbeid eller andre verv som kan få innverknad på arbeidstilhøvet/arbeidsyttinga, må dette skje etter avtale med arbeidsgjevar og vere i tråd med gjeldande arbeidsreglement og etiske retningslinjer.

13. Oppseiingsfristar mv.

Ved oppseiing i prøvetida gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 14 dagar, jf. AML § 15-3 (7).

Gjensidig oppseiingsfrist etter at prøvetida er gått ut er fastsett i HTA § 3.

14. Pensjon

Aldersgrensa for stillinga er 65 år. Det vert trekt 2 % pensjonsinnskot i KLP.

15. Øvrige arbeidsvilkår

Feriepengar vert utrekna og utbetalt i samsvar med reglane i ferielova og HTA.
Arbeidstilhøvet vert regulert av gjeldande lover, avtalar og reglement.

16. Offentleggjering

Dei økonomiske vilkåra i denne avtalen er offentlege.

Denne avtalen fins i to (2) eksemplar, eitt (1) til kvar av partane.


Frekhaug, 15.3.2017



Øyvind H Oddekalv
ordfører

MELAND KOMMUNE
Ordfører

Frekhaug, 15.3.2017



Martin W. Kulild
rådmann

